



Audun Kleppe
Nordre Knappen 25
5355 KNARREVIK


Referanser:
Dykker:
Vår: 16/160 - 16/1247

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:
22.01.2016

Vedkomande privat vassleidning Hopsvågen - Kjeilegavlvi - gbnr 124/9 m.fl.

Lindås kommune viser til privat vassleidning som er etablert frå Hopsvågen og i fleire etappar inn til Kjeilegavlvi. Dette brevet går ut til alle dei som kommunen har registrert som abonnentar på denne vassleidningen.



Bakgrunnen for at kommunen no sender ut dette brevet til dykk, er nye opplysningar som er kome fram i samband med handsaming av nye søknadar om tilkopling til leidningen.

I samband med sakshandsaminga av desse sakene er det avdekka fleire forhold som må rettast opp før det kan gjevast fleire tilkoplingsløyve til vatn, og etablering av vassleidning etter plan- og bygningsloven.

Etter ein gjennomgang av arkivet vårt, kan vi ikkje sjå at det ligg føre godkjenning av vassleidningen etter plan- og bygningslova (byggeløyve). Lindås kommune ser at det har vore godkjent påkoplingar til dei private leidningane frå Kjeilegavlen til Hopsvågen i fleire år. På bakgrunn av dette er kommunen av den oppfatning at leidningen kan aksepteraast utan ytterlegare søknad, dersom følgjande forhold vert etablert/dokumentert:

1. Det må leggast fram privatrettsleg avtale for rett til å legga leidningen over privat grunn. Dette gjeld alle eigedommar der leidningen går i land. Ut i frå våre opplysningar, ligg i dag leidningen på gårds- og bruksnummer 124/1, 124/2, 124/5 og 124/11. Dersom fleire eigedommar enn desse er råka, må det leggast fram avtalar for desse også. Det vert tilrådd at avtalane vert utforma slik at dei vert tinglyst på dei aktuelle eigedommene.
 - a. Dersom slik avtale ligg føre, ber Lindås kommune om at denne vert sendt inn snarast.
2. Det må gjerast greie for kven som er eigar av leidningen som går frå Hopsvågen og inn i Kjeilegavlvika. Det må og gjerast greie for kven som har ansvar for drift og vedlikehald av leidningen. Dokumentasjon på dette må sendast til Lindås kommune.

Lindås kommune sitt ansvar avgrensar seg til levering av vatn i samsvar med det som går fram i tilkoplingsløyve, samt drift og vedlikehald av kommunal leidning. Dersom det vert lekkasje på den private leidningen, er dette ikkje eit forhold som Lindås kommune rettar opp i.

3. Lindås kommune vil tilrå at det vert skipa eit felles vasslag for drift og vedlikehald av leidningen, der ansvarsforhold er avklart for brukarane av leidningen.

Før desse forholda er dokumentert, kan ikkje Lindås kommune godkjenna at fleire eigedommar får kommunalt vatn via den private leidningen. Dette vil og gjelda endringar i tilkoppling, til dømes endring frå utvendig vasspost til innlagt vatn i bygning.

Spørsmål i saka kan rettast til bygggesak@lindas.kommune.no eller på telefon 56 37 51 62.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lindås VVS NT AS Postboks 42 5951 LINDÅS

Mottakarar:

Audun Kleppe	Nordre Knappen 25	5355	KNARREVIK
Gry Bernes og Ove Marthinussen	Flaktveitræet 16	5134	FLAKTVEIT
Gunn Kvalvågnes	Keilevegen 97B	5953	FONNES
Ivar Steine	Mongstadvegen 828	5955	LINDÅS
Jan Magne Kjeilegavlen	Kjeilegavlsvegen 227	5953	FONNES
Nina og Trond Gustavsen	Vestre Drotningsvik 6A	5179	GODVIK
Ruth Ytredal	Ulsetskogen 13	5119	ULSET
Ståle Bernes	Flaktveitinden 30	5135	FLAKTVEIT
Svein og Linda Kårdal	Stokkedalen 148A	5151	STRAUMSGREND
Tore Atle Brekke Haukedal	Torvli 9	5122	MORVIK